



Forvaltningskomiteen på synfaring i området der Tor Ove Rød helst vil byggja det nye huset sitt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Med ni mot to røyster har forvaltningskomiteen sagt ja til at Tor Ove Rød skal få byggja bustadhus nummer to på eigedommen sin – og då i strandsona på Rød. Men han har truleg enno ein lang veg å gå før spaden eventuelt kan settast i jorda. Komiteen var på synfaring før handsaminga av klagesaka.

- Dette er eit prinsippvedtak, saka må no sendast på høyring, sa verksemdsleiar Tormod Fossheim i komitemøtet.

Knut Arne Fatland (Frp) kom med framlegget som vart vedteke. Der heiter det at Rød skal få byggja nytt kårhus og veg som omsøkt, men at både huset og vegen må leggjast slik at dei berører dyrka mark i minst mogleg grad. Det må visast til særlege grunnar viss ein slik plassering skal bli godteke. I vedtaket heiter det at særlege grunnar i dette tilfellet er at eksisterande kårhus ligg svært nær hovudvegen og at tanta til søkjaren har burett i dette huset så lenge ho lever.

Rådmannen hadde innstilt på at komiteen ikkje skulle ta klagen frå Rød til følge og oppretthalda sitt tidlegare vedtak om ikkje å gje dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen eller frå paragrafen i bygningslova om forbod mot bygging i strandsona.

Rådmannen kunne heller ikkje sjå at det låg føre særlege grunnar etter lova. Han viste til at plassering som omsøkt ville punkttere eit samanhengande landbruksområde og han kunne heller ikkje sjå at det er trong for to bustadhus ut frå aktiviteten på bruket. Rød eig i dag eit hus på ei tomt som er skild ut frå bruket og som ligg ovanfor den sterkt trafikerte riksvegen.

I komitemøtet sa Øyvind Hardeland (Ap) at han ville vera positiv uten at han med det tok standpunkt til plasseringa av huset.

Tor Ove Rød har på si side sagt at han er open for å se på andre plasseringar av bustadhus nummer to, men at dette bør liggja på nedsida av riksvegen då hovuddelen av bruket er der.

Av Ola Matti Mathisen



Tor Ove Rød møtte velvilje hos fleirtalet av politikanane då hus-saka hans var oppe i forvaltningskomiteen. (Foto: Ola Matti Mathisen)